
Saksnr: 2021/5863-4
Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkestinget		09.03.2021

Kvammapakken - tilskot til takstreduksjon

Forslag til innstilling

Vestland fylkeskommune sluttar seg til forslaget om å halvere takstane i Kvammapakken.

Nye takstar vert slik:

Takstgruppe 1 (lette køyretøy)	25
Takstgruppe 2 (tunge køyretøy)	33

Samandrag

Staten har gjeve tilbod om 138,5 mill. kr til gjeldsreduksjon og permanent takstreduksjon i bompengeprojektet Kvammapakken. Det er ein føresetnad at fylkeskommunen, som garantist, gjev tilslutnad til permanent takstreduksjon.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Ved salderinga av statsbudsjettet for 2020 auka Stortinget løyvinga på kap. 1320, post 73 «Tilskudd for reduserte bompenger utenfor byområder». 138,5 mill. kr av tilskotet vart avsett til Kvammapakken.

I brev av 14.01.2021 frå Vegdirektoratet til Ferde AS står det følgjande:

«Forutsetning for utbetaling av tilskuddet til prosjektet Kvammapakken er at selskapet forbereder sak og innhenter fylkeskommunal tilslutning til nedbetaling av gjeld og permanent takstreduksjon».

Etter fylkesrådmannen si vurdering kan ikkje fylkeskommunen gjere anna enn å takke ja til eit slikt tilbod. Som garantist kan det berre slå positivt ut for fylkeskommunen at gjelda i prosjektet vert om lag halvert.

Fylkesrådmannen melde dette tilbake til Ferde AS i brev av 22.02.2021.

Avklaringar om rolle- og ansvarsdelinga i takstsaker

Statens vegvesen Region vest har tidlegare utarbeidd grunnlaget for takstsaker i vest og sørga for at desse kjem til lokalpolitisk handsaming. I samband med den interne omorganiseringa av Statens vegvesen, har Vegdirektoratet ønska å overføre denne oppgåva til Ferde AS.

Ferde er usamd med Vegdirektoratet i ei slik overføring. Saka er no til avklaring i Samferdselsdepartementet. I påvente av tilbakemelding frå Samferdselsdepartementet, har Ferde gått med på å handtera denne takstsaka som ei separat sak, og å sende sak om takstreduksjon til politisk handsaming i Vestland fylkeskommune.

Framlegg til permanent takstreduksjon

Før Stortinget fatta vedtaket om tilskott, fekk Ferde førespurnad frå Vegdirektoratet om kor mykje 138,5 mill. kr. ville utgjere i takstreduksjon. Ferde rekna ikkje ut nye takstar, men laga ein førebels kalkyle som synte at tilskottet ville utgjere om lag 45% av bompenginntektene i innkrevjingsperioden, som kan vara fram til innkrevjingsretten går ut 8.12.2029. Nyare berekningar syner at det kan la seg gjere å redusere takstane med 50% og likevel kunna avslutta prosjektet innanfor innkrevjingsperioden. Det er då føreset:

- Flat utvikling i gjennomsnittstakst på 2020-nivå (33,4 kroner) i innkrevjingsperioden.
- Flat kostnadsutvikling
- 2021-trafikk på 2020-nivå (ÅDT 2500), frå 2022 normalisering av trafikk til 2019-nivå (ÅDT 2800).
- Forventa framtidige marknadsrenter per mars 2021.

Avvik frå føresetnadane vil kunna medføre at takstane på eit seinare tidspunkt må justerast for å kunna avslutte pakken innan utløpet av innkrevjingsperioden. I Stortinget sitt vedtak vart det ikkje sagt kor mykje takstane skal reduserast. Men frå ymse politisk hald er det forventningar om at takstane skal halverast. Ferde har ikkje analyseverktøy, slik som vegstyresmaktene har, til å prognostisere trafikale verknadar som følgjer av takstnedsetjinga, men ein vil truleg få ein liten trafikkvekst som følgje av ei takstnedsetjing. Ferde foreslår med grunnlag i dette, at grunntakstane vert om lag halverte:

Takstane i dag:

Takstgruppe 1 (lette køyretøy)	50
Takstgruppe 2 (tunge køyretøy)	65

Nye takstar etter om lag 50% reduksjon:

Takstgruppe 1 (lette køyretøy)	25
Takstgruppe 2 (tunge køyretøy)	33

Takst- og rabattopplegget elles vert uendra:

Autopassavtale: Køyretøy i takstgruppe 1 med gyldig AutoPASS-avtale og brikke får automatisk 20 prosent rabatt. Køyretøy i takstgruppe 2 får ingen rabatt.

Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 skal betale bompengavgift på 50% av ordinær takst etter rabatt og takstgruppe 2 skal inntil vidare ikkje betale bompengar.

Månadstak: Med gyldig AutoPASS-avtale og brikke i bilen vert ein belasta maksimalt for 25 passeringar pr. kalendermånad pr. kjøretøy.

Timesregel (som her er 1,5 timarsregel): Med gyldig AutoPASS-avtale og brikke betalar ein berre for ei passering om det same køyretøyet passerer fleire bomstasjonar i løpet av 90 minuttar.

Fylkesrådmannen si vurdering

Fylkesrådmannen rår til at fylkestinget sluttar seg til forslaget frå Ferde AS om halvering av takstane i Kvammapakken. Det kan gjerast ei avveging mellom størst mogleg reduksjon i takstane eller ein noko mindre reduksjon, men nedkorting av innkrevjingstida. Frå sentralt hald synest det å vere stort fokus på å få gjennomført merkbare kutt i takstane. På denne bakgrunn verkar det fornuftig å følgje forslaget frå Ferde AS om halvering av takstane.

Vidare prosess etter fylkeskommunal tilslutnad

Ferde vil oversende den fylkeskommunale tilslutnaden (vedtaket) til Vegdirektoratet som gjer takstvedtak. Ferde kan kunngjere og iverksetje takstendringa like etter at takstvedtaket er gjort. Eventuelle klager vert handtert av Vegdirektoratet og Samferdselsdepartementet i etterkant.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget gjer vedtak om garantistillingar. Større takstendringar vil kunne påverke risikoen for garantisten. Saka vert difor lagt fram for fylkestinget.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Tilskotet frå staten vil om lag halvere gjelda i Kvammapakken. Dette er positivt for fylkeskommunen sitt garantiansvar.

Klima:

Lågare bomtakstar kan gje noko auke i trafikken.

Folkehelse:

Ikkje nemnande verknad.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Ikkje relevant.

Konklusjon

Fylkesrådmannen rår fylkestinget til å slutte seg til forslaget om halvering av bomtakstane i Kvammapakken.